**Laboratorium for medisinsk biokjemi og blodbank.**
www.helse-forde.no/LMBB




# LAB- nytt nr 1-2007

**Tilråding om redusert bruk av ASAT ( aspartat aminotransferase) som diagnostisk analyse**

ASAT har i 50 år vore nytta som analyse for påvising av celleskade i lever og hjarte. Organspesifisiteten er dårleg og ASAT er difor ikkje lenger brukt som markør for myokardskade ved hjartesjukdom, men er vorten erstatta av troponin.

Ved utgreiing av leversjukdom er ALAT ( alanin aminotransferase) den viktigaste analysen for påvising av parenkymskade.
Indikasjon for analyse av ASAT er avgrensa til spørsmål om alkoholisk leverskade og ved alvorleg leversvikt.

På denne bakgrunn vil vi tilrå at ASAT berre rekvirerast på spesielle indikasjonar. Analysen vil ikkje lenger kunne rekvirerast ved kryss på rekvisisjonen, men må påførast skriftleg i ope felt.

Førde 20.juni 2007

Rune J. Ulvik
Overlege

Åse Reikvam
Avdelingssjef